

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 70

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. 70

Herad: Fræna

Emne: Frå Robåt og seil til
motor.

Bygdelag:

Oppskr. av: H a n s Haukås

Gard:

(adresse): Elnesvågen

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Røynsle og gamle dokument.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. Ein kjenner desse Ro-og seglbåtar:

1. Ottring (Kjempeføring) med 5. par årar og råsegl.

2. Fjerdingsfar-

3. roing-ogso kalla Seksring 3 " " og segl.

4. Færing - småbåt 2 " " "

5. Notbåtar.

Desse båtane var vanlege der båten var framkomst-
midlet og der dei dreiv allslag fiske

Mannskap:

Ottring- 8 mann.

Båten var ei Vikingtype både av form og seglføring.

Roret var festa til bakstammen. Båten hadde ei lengd
på 20-21 alen, breidd 5 alen. Mastra var 7/5 partar av
lengda og like tjukk i bae endar. Heile riggen var
festa til toppen av mastra. Seglet var eit råsegl.
Bréidda var 3/4 partar av båt lengda i nedste kant og
1/3 part i øvste.

Båten hadde 6. rom: Framskot-kjemperom-Storsegle-Litle-
segle- hamlerom-og bakskot.

Mannskapet hadde sine faste plassar og sitt visse arbeid
Dei som var i kjemperommet var kalla kjempemenn og var
vanleg dei kraftigaste.

Dei passa seglet med Storblokka og litleblokka. Under
vending laut dei føra seglet frå eine sida av mastra
til den andre, spennar om mastra, rakka seglet frå og til
att, sette fast penta framme, heisa seglet opp og passa
på minka og strekkja segl etter vinden.

Dei to i Storsegla hadde å leggja om Kjempesteinen og
Knøttsteinen (Ballasten) og å ausa båten. Under fiske
hjelpte både dei og kjempemennene med å draga garna.
Mennene i Litlesegla hadde å andøve under fisking
tina av fisken og hjelpa til med lina og garna elles.
Under segling passa dei skjøtet.

Hamla var plassen til styrmannen-hovedsmannen. Han

2

hadde styringa og kommandoen. Under segling laut alle fylgja nøie med han. Feil kunne kosta alle livet.

Under roing Var det ein mann på kvar år av dei to fremste åreparra. Dei tre andre årepar hadde berre ein mann på åreparret. Styrmannen hadde roret.

I tvilsspursmål fekk kvar mann segja si meining. Men dei messt røynde fiskarar vart oftast høyrte.

Likevel hende det at den modigaste og viljesterkaste i sume situasjoner laut taka kommandoen.

Under eit uver vest for Ona i snøkave, sa soleis styrmannen at han ikkje visste meir å gjera eller kvar dei var. Knut Hansen Hol tok då styringa og kald og roleg fekk han roa mannskapet og fekk dei i hamn. Dei sa sidan at han berga livet deira den gongen.

Utbyttet var delt med ein part på båten- Jannast $1\frac{1}{2}$ lott-Hovedsmannen $\frac{1}{2}$ lott. So var det jannast 2-3 rorskarar, som hadde fast betaling for sesongen- frå 60- 100 kr. Resten vart so delt på dei som ogso hadde reiskap-line eller garn.

Opplæringa byggde på dugleik og røynsle. Ein unggut vart først sett til det minnst krevande arbeid. Synte han seg sers dugande vart han snart rekna for full kar- Han var frå først av rekna som visargut for dei andre, men egna line-greie garn og tina fisk gráidde han. Likeeins lærte han snart å stellá fisken-slógja fisken.

Og ettersom han vart kjend med arbeidet ombord i ymse situasjonar vart han "full mann".

Var han ein sterk og innsiktsfull kar, kom han på den messt krevande plassen ombord i kjemperommet.

2. Fjerdingsfar. var nytta til frakteskuter, mest. Det kunde vera båter messt so store som Ottring med tre og 4 par årar, og 5 til 6 mann. Dei hadde eit lasterom i midten og 2 par årar framme og to bak.

3. Seksring- (3 roing) var vanleg i fiske nytta til hand- snøre. Dei drog ut med pilken (Rykken) og rodde heim om kveldane. Vanleg var dei 5-6 mann. Dei var ogso nytta som kyrkjebåtar og førslebåtar for folk i andre høve, og til mindre last.

4. Færing var den vanlege småbåten- nytta til fiske ved land og på fjorden- og som framkomstmiddel for ein- lege eller eit par mann.

5. Notbåtar hadde vanleg tre par årar- og var store som Fjerdingsfar eller Ottringar- men med årane berre framme. Men dei hadde ein noko mindre båt attåt, som ein seksring. Han var kalla Taugbåt- eller Spellbåt, avdi

3
han berre hadde eine notarmen-tauget oppvikla på ein rull, og rodde ut berre tauget. Det var jamnast berre to mann ombord der.

Ottringen var vanleg fiskebåt på havet framtil 1870. Frå då vart Listebåten teke i bruk. Han var større og nytta berre segl. Skulle han roast laut det bli på slep.

Motorbåten :

Teodor Tande i Bjørnsund hadde vore ute og var voten kjend med motoren. Han var ogso mekaniker.

Saman med broren Hans Tande, som var kjøpmann i Bjørnsund og fiskaren Johan Hammerø tinga dei so ein båt hos båt byggjar Nils Bolsønes kring 1900.

Båten fekk namnet F o r s ø k. I båten vart innsett ein D a n-motor. Men båten hadde ogso segl på to master. Hausten 1902 kom so båten stimande ut til Bjørnsund. Johan Hammerø var styrmann og Teodor Tande var i maskinen.

Johan Hammerø var frå Bjørnsund-frå bygda. Teodor og Hans Tande var innflytta frå Nordmør.

Frå no av vart det fart i motoriseringa. Det vart sett motorar i Listerbåtar og nye båtar byggde. Det vart snart motorar av mange slag, som: Paragon, Alpha attåt Dan.

Motoragentar vart det nokk av, serleg i Molde.

Teodor Tande tok til med reperasjonar og byggde

eigen verkstad i Nordre Bjørnsund. Den danske Gideon byggde motorfabrik på Molde, og på Finnøy kom ein motorfabrikk.

Det var ingen serlig gode tider da motoren ble tatt ibruk, derfor var det bare de besst stillte som klarte å skaffe seg skikkelige motorbåter.

Hvordan motoren blev brukt:

Fra først av hadde båtene seil selvom de hadde motor. Men efter et par år ble seil bare tatt med for det tilfelle at motren skulle slå seg vrang.

M o t o r o g B å t :

Her var det bare de største båter som fikk motor fra

helst fordi anskaffelsen kostet formye.

Båtene blev gjort større og kraftigere. Mastene kortere. Båtene blev også bredere efterhvert.

Hvordan motorene blev mottatt.

Fra først av var det megen tvil blandt fiskerne. Men da Johannes og Sakarias Størksen fikk båten Harald med en Alpha-motor og viste å klare seg i all slags veir og ble storfiskeren, blev all motstand brutt.

Fra først av var det nokk mye trubbel med motorene messt fordi man ikke forstod å passe dem riktig. Og så var det nokså mye larm før man fannt virksomme lyd-potter.

Det var nokk de som mente at motorduren skremte fisken. Og serlig inne på sildevåger mente man larmen gjorde skade og skremte silden. Men noen serlig aktiv motstand blev det ikke, heller ikke protestmøter eller offentlige anklager.

Det blev nokk av og til brukt ord som Helvetes-maskiner Brøl-aper

Virkninger:

Motorene blev årsak til at fiskernes fangstområde blev betydelig utvidet. De var heller ikke avhengig av vind, så båtene kunne farte allikevel. Fiskernes bekvem meligheter ombord ble meget bedre enn før.

Motoren skaffet lys ombord, den drog vinsjer og dynamoer, så alt ble lettere og greiere for fiskerne.

Fangstresultatene blev bedre med større kvantitet, og sikrere driftforhold. Forlisprosenten av båter blev mye mindre enn før.

Bemanningen blev efterhvert nokså lik den man hadde i handelsflåten - med fører, maskinist, mannskap. Man fikk kokk ombord som ordnet med kokt mat. Mannskapsstyrken på den vanlige fiske båt blev omtrent som hos Ottringen - en 8 mann

Av fullt motorkyndige var som oftest bare en mann, men flere lærte efterhvert å bruke motoren i vanlig bruk. Kommandoforholdene var omtrent som i handelsflåten.

En skipper - en besstmann som kunne ~~av~~løse ham.

Det var almindelig at motormannen - maskinisten stod for stellet av motoren, selvom han var en ung mann.

Men skipperen var den avgjørende i alt ombord, og det gikk som oftest fint med unge og eldre.

Jo, eldre folk som ikke lenger kunne drive selvstendig

kunde utføre fullverdig arbeide ombord i en motorbåt,

5

fordi arbeidet blev bekvemmere enn i de åpne båter og seilskuter

Motorene er nu anerkjent av alle. Ja man kunne ikke tenke seg å gå tilbake til driften som var vanlig før.

Det sies at motorene er skyld i at fisk og sild ikke lenger går så sterkt inn i fjordene som før, så man må lengre tilhavs å fangste. Man mener således at motor-driften har forminsket det såkaldte hjemmefiske.

Men bevisene er jo ikke absolutte.

Nu er det jo maskinene ombord som både setter og trekker redskapene. Man kan benytte trål, som ville være problematisk uten motorkraft.

Snurpebåtene går med motorer, så alt fiske er lettere, går hurtigere og mer effektivt enn før, og motorbåt-

enes aksjonsradius er jo snart ubegrenset. Nye redskap er og arbeidsmetoder kommer jo til hver tid, og de tekniske apperater som asdik og radar viser hvor man finner fisken.

Den største forandring med hensyn til fiskebåtene er jo den, at de stadig vokserⁱ størrelse og allsidighet, så de så å si kan gå hvorsomhelst på fiske.

De ordner seg med fiskesalting ombord med fryserier o. s. v.